



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 27.05.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-20	4187/14	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 13. MAI 2014

Det vart halde møte i eldrerådet tysdag 13. mai 2014 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Anne Lise Holmelid
Erna Drange

Helge Hauge hadde meldt forfall, og Olga Gransjøen møtte som vara.

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte rådmann Steinar Dalland, samt Anders Teigen som sekretær.

Informasjon

Før ein starta på saklista, orienterte rådmannen om status for sjukeheimsutbygginga. Kommunen har hatt eit forprosjekt, og arbeider no med førespurnader for utsending til mogelege tilbydarar. Kommunen har utgangspunkt i kommunestyrevedtaket. Det vert også opna opp for tilbud på såkalla modulbygg. Sjukeheim er eit stort prosjekt, og det vert lyst offentleg i heile EØS-området. Kommunen har alt bonitert tomta, og legg også vekt på å få eit tenleg uteområde med enkel tilgang. Kommunen har hatt dialog med kulturavdelinga i fylkeskommunen, og reknar difor med at det ikkje vil verta nokon hindringar for byggeprosessen på det området. Det er planlagt ferdigstilling i 2016.

Rådmannen opplyste at kommunen arbeider ut frå faktorar som tid, kvalitet og pris.

I samband med denne orienteringa, vart det frå Eldrerådet teke opp at det er ventetid på avlastingsplasser. Rådmannen opplyste om at samhandlingsreforma er underfinansiert.

Når det gjeld meir formelle sider ved Eldrerådet sitt arbeid, tok leiar opp at kommunikasjonen mot Eldrerådet må bli betre. Det må bli lettare å finna møtebøker og innkallingar på nettsida. Eldrerådet må få saker i god tid, dette gjeld særleg budsjettsaka.

Sak 1 Kurset til Fagakademiet - oppsummering

Det vart gjennomgått ein del stoff som Eldrerådet sine medlemmer hadde fått med seg frå kurset, dette opp mot dei utfordringar me har lokalt.

Leiar i Eldrerådet må få kopi av innkalling med sakliste til utval for oppvekst/omsorg og utval for landbruk/teknisk.

Det er ynskjeleg med ein betre dialog mellom Eldrerådet og dei eldre i kommunen. Ein måte kan vera å gje informasjon i møte der mange eldre deltek.

Det er også ynskjeleg å spela meir på samarbeidspartnarar som t.d. Frivillegsentralen, helselaga og bondekvinnelaget. Leiarane i desse kan inviterast til eit eldrerådsmøte for å drøfta dette.

Ymse

Under ymse var drøfta m.a.

- Tysnes Sparebank – gebyr på kontante betalningar av giro i banken
- Buss som går via Haukeland – vurderer samarbeid med Fylkeseldrerådet for å få til ordning
- Ekskursjonar – gjerne til andre kommunar for å få sjå deira erfaringar
- Mogeleg samarbeid med barnehagar og skular

Det vart også vedteke å senda følgjande uttale til ordførar med kopi til helse- og sosialsjef:

«Eldrerådet ser med bekymring på behovet for avlastingsplasser og forholdet til Samhandlingsreforma.

Kva kan kommunen gjera med situasjonen?»

Eldrerådet ynskjer elles å invitera nokon frå helse- og sosialetaten til neste møte i slutten av august eller i september.

Møtet slutt kl. 14:30.

Anders Teigen
referent